

## Referat frå møte nr. 68, 25. november

**Dato:** 16. desember 2015

**Til stades:**

**Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar  
**Alf Henrik Andreassen**, Helse Bergen HF  
**Gunnar Mellgren**, Helse Bergen HF  
**Stein Tore Nilsen**, Helse Stavanger HF  
**Haldis Økland Lier**, Helse Fonna HF  
**Jarle Eid**, Universitetet i Bergen  
**Nina Langeland**, Universitetet i Bergen  
**Frøydis Bruvik**, observatør, Dei private, ideelle institusjonar  
**Pål Berger**, brukarrepresentant  
**Dag Rune Olsen**, Universitetet i Bergen  
**Kjell Bernstrøm**, Universitetet i Bergen  
**Jan Petter Larsen**, Universitetet i Stavanger  
**Anne Kari Hersvik Aarstad**, observatør, høgskulane i regionen  
**Marit Solheim**, Helse Førde HF  
**Eyvind Rødahl**, Universitetet i Bergen  
**Inger Thune** (til stade under sak 36/2015)

**Forfall:** **Jannikke Ludt**, observatør, Noregs forskingsråd

**Sekretariatet:**

**Ernst Omenaaas**  
**Sølvi Lerfald**  
**Ingrid Kalsnes** (referent)

Saksnr.	Sak
<b>Sak 35/2015</b>	<b>Godkjenning av saksliste og referat</b>
Vedtakssak	
	Innkalling til møte 25. november 2015 vart godkjent. Referat frå møte 25. september 2015 vart godkjent. Ingen saker vart meldt til eventuelt.
<b>Sak 36/2015</b>	<b>Tildeling av søkbare forskingsmidlar 2016</b>
Vedtakssak	
	Inger Thune, hovudkomiteens leiar, presenterte hovudkomiteens innstilling av Helse Vests søkbare forskingsmidlar 2016.  Innan fristen 15. september var det kome inn 308 søknadar. Det var i år rekordmange stipendsøknadar, og auken gjeld søknadar om doktorgradsstipend. Søknadar om postdoktorstipend har hatt ein liten nedgang. Hovudkomiteen har innstilt fordeling til

	<p>63 søknadar. Rangeringa av søknadane blei gjort ut i frå kvalitet og relevans med eit ekstra fokus på klinisk nytteverdi. Den endelige innstillinga frå hovudkomiteen har god spreiing mellom dei ulike prosjektkategoriane og er einstemmig.</p> <p>Hovudkomiteens leiar gav i møte nokre refleksjonar over forskingsaktiviteten i Helse Vest:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein kunne ønska seg eit høgare nivå på postdoktorsøknadane. På grunn av mange svært gode doktorgradssøknadar er fordelinga mellom doktorgradsstipend og postdoktorstipend ei anna enn 60/40 som er målsettinga i samarbeidsorganets forskingsstrategi</li> <li>• Ingen nådde opp i tildelinga om karrierestipend</li> <li>• Ingen søknadar innan helsevitenskap eller rus fekk tildeling. Hovudsakleg skuldast dette manglande hypotesar og metodisk tyngde i søkerne. Samarbeidsorganet ønskjer at dette vert følgjt opp, spesielt med tanke på den pågående strategiske satsinga innan rusforskning. Moglege tiltak som vart nemnt i møte er forpliktande samarbeid med sterke miljø og tettare kopling mot universiteta. Brukarrepresentanten peikte også på at brukarane må tydelegare inn mtp. kva som er kvalitet.</li> </ul> <p>Samarbeidsorganet slutta seg til arbeidet i vurderingskomiteane og innstillinga frå hovudkomiteen. Samarbeidsorganet ønskjer at det blir lagt fram ei sak om nytt som vurderingskriterium i komande utlysingsprosesser.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek fordelinga av økbar midlar for 2016.</i></li> </ul>
<b>Sak 37/2015</b>	<b>Forpliktingar strategiske midlar</b>
Vedtakssak	
	<p>25 % av Helse Vest sine forskingsmidlar vert avsett til strategiske satsingar. I denne potten inngår midlar til Regionalt kompetansesenter for klinisk forsking (KKF), påskjøningsmidlar til hovedrettleiarar, posisjoneringsmidlar for EU-samarbeid, insentivprogram for eksterne forskingsmidlar, medlemskontingent for EATRIS og regionale strategiske satsingar. I tillegg inngår øyremerkte midlar frå styret i Helse Vest til satsinga på rusforskning og satsinga på samhandlingsforskning.</p> <p>Det er for 2016 tilgjengeleg kr. 5,6 mill. til nye strategiske tiltak. Helse Vest vil i nær framtid gå i dialog med Bergen forskingsstiftelse (BFS) om ei mogeleg større forskingssatsing i regionen. Det vil kunne vere aktuelt å sjå på om dei ledige midlane eventuelt kan inngå som eigenandelar i ei slik satsing.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek vidareføring av forpliktingar for allereie vedtekne strategiske satsingar på til saman kr. 40 329 016 mill.</i></li> </ul>
<b>Sak 38/2015</b>	<b>Gjennomgang av utanlandsopphald hos postdoc</b>
Diskusjonssak	Jf. retningslinjene for Helse Vest sine postdoktorstipend er det eit krav at postdoktorstipendiata gjennomfører eit utanlandsopphald i løpet av stipendperioden. Det er både mogeleg å søkje om midlar til utanlandsopphald i søknaden om

	<p>postdoktorstipendet og på eit seinare tidspunkt i søknadstypen «kun søknad om utanlandsstipend». Sekretariatet har gjennomgått dei faglege årsrapportane til stipendiatare for å sjå i kva grad det blir rapportert om utanlandsopphold. Gjennomgangen viste at berre 20 av 99 stipendiatar har rapportert at det er gjennomført eit utanlandsopphold. Det vart difor sendt ut ei spørjeundersøking til dei stipendiatare ein trong meir informasjon om, og om lag 2/3 av dei spurte svarte på denne. Gjennomgangen og resultata frå spørjeundersøkinga viser at det er behov for å følgje opp kravet om utanlandsopphold.</p> <p>Samarbeidsorganet ser avkorting av stipendperioden som eit mogeleg tiltak ved manglende utanlandsopphold, til dømes at stipendet vert avkorta med <math>\frac{1}{4}</math>. Sekretariatet tek med seg innspela og vil leggje fram eit forslag til endring av retningslinjene på eit seinare møte.</p>
<b>Sak 39/2015</b>	<b>Ny forskingsstrategi for perioden 2016-2019</b>
Diskusjonssak	<p>Fagdirektør Baard-Christian Schem innleia til diskusjon.</p> <p>Samarbeidsorganet vedtok i 2014 (sak 37 og 46) at det skulle utarbeidast ny forskingsstrategi med bakgrunn i at noverande strategi går ut i 2015. Ei arbeidsgruppe nedsett av samarbeidsorganet fekk i oppgåve å utarbeide eit forslag til strategi for 2016-2019, og eit forslag er no levert. M.a. er det i forslaget sett fram 7 overordna mål.</p> <p>Samarbeidsorganet diskuterte forslaget frå arbeidsgruppa. Det var semje om at mål 1-6 stort sett er dekkande for forventningane til innhald, medan det ikkje var semje om mål 7. Det kom innspel til nokre av måla, mellom anna knytt til punktet om støtte til etablering av nasjonale nettverk, og til samarbeid med universitet og kommunar. I tillegg vart det gitt innspel på formuleringane rundt pasientrapporterte data.</p> <p>Oppfølging av strategien vart også diskutert. Samarbeidsorganet ser for seg ein årleg gjennomgang av strategien der ein drøftar kva som skal følgjast opp det komande året.</p> <p>Når det gjeld mål 7 om å finne andre insitament for å styrke forskinga i små helseføretak og for å oppnå ei god fordeling av forskingsmidlane i regionen dreidde diskusjonen seg mellom anna om kor vidt det bør lagast strukturar for fordelinga av midlar mellom HF-a i regionen eller om det er viktigare å setje inn tiltak på områder der ein har kunnskapshol.</p> <p>Fagdirektøren i Helse Vest kjem tilbake med eit utkast til forskingsstrategi over nyttår.</p>
<b>Sak 40/2015</b>	<b>Samarbeid mellom universitet og helseføretak</b>
Diskusjonssak	<p>KD og HOD har nedsett ei toppnivågruppe som skal beskrive eventuelle barrierar for samarbeid mellom helseføretak og universitet, og kome med forslag til konkrete løysingar lokalt, regionalt og nasjonalt. Gruppa er leia av Anne Husebekk og består elles av Dag Rune Olsen, Cathrine Lofthus og Stig Slørdahl. Arvid Hallén er oppnemnt som observatør i gruppa. Arbeidet skal forankra i samarbeidsorgana, NSG og HelseOmsorg21-rådet for å få fram breidda av problemstillingane.</p>

	<p>Helse Sør-Øst og Helse Midt-Norge har sendt innspel til arbeidsgruppa, og det vart på møte diskutert om det også bør gis nokre innspel på kva problemstillingar ein opplever i vestlandsregionen. På møte i samarbeidsorganet kom det fram at UiB allereie har gitt innspel til gruppa. Nokre problemstillingar som vart nemnt i møte var mellom anna knytt til momsproblematikk, tellekantsystemet, ulike prisar for bruk av kjernefasilitetar og vertssrolla for ekstern finansiering.</p> <p>Helseføretaksrepresentantane i samarbeidsorganet var samde i at innspel frå helseføretaka bør gå samla gjennom RHF-et. Sekretariatet undersøker fristar for innsending og kontaktar HF-representantane per e-post for dialog om innspel til gruppa.</p>
<b>Sak 41/2015</b>	<b>Kartlegging av abonnement for tidsskrift, oppslagsverk og databasar</b>
Diskusjonssak	
	<p>Kunnskapsenteret er i samråd med RHF-a bedne om å utgreie betre samordning av innkjøp av kunnskapskjelder i HF-a og ved universitet og høgskular.</p> <p>Helsebiblioteket opplev økonomiske utfordringar som følgje av store endringar i valutakursane. Saka har vore diskutert i AD-møtet, og det er nedsett ei arbeidsgruppe som skal utgreie gevinstpotensiale gjennom meir samordna innkjøp av medisinske kunnskapskjelder.</p> <p>Det er i første omgang naudsynt å kartlegge eksisterande avtalar ved helseføretaka, universiteta og høgskulane i regionen. Frå diskusjonen på møte i samarbeidsorganet vart det mellom anna trekt fram at ein bør tilstrebe ein regional strategi med større einingar. Det var også peikt på at eit slikt arbeid er viktig for dei mindre helseføretaka. Representantane i samarbeidsorganet og universitetsbiblioteket vil stå som kontaktpersonar i den vidare oppfølginga av denne saka.</p>
<b>Sak 42/2015</b>	<b>Orienteringssaker</b>
	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Gjennomgang av brukarmedverknad i forsking</li> <li>2. EATRIS</li> <li>3. Midlar til vidareførte prosjekt</li> </ol>
<p><b>Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er 25. februar 2016 på <a href="#">Clarion Hotel Bergen Airport</a>, kl. 10.30 – 14.30</b></p>	